



Frå barnehagebarn til skuleelelev

ME LØFTER I LAG



Innhold


| | |
|--|---|
| Innleiing..... | 3 |
| Siste år i barnehagen | 5 |
| Frå barnehagebarn til elev..... | 6 |
| Overgangsamtale | 6 |
| Frå skulestart i august | 6 |
| Årshjul for overgang barnehage - skule | 7 |
| Skjema: Overgangen barnehage - skule | 8 |

Innleiing

Hå kommune har i fleire år hatt gode system for overgangar frå barnehage til skule. Ein ønskjer likevel å formalisere ein kommunal plan, slik at alle barn i Hå kommune får best mogleg samanheng i opplæringa. Denne planen legg endå meir vekt på å sikra samanhengen i læringa, der tryggleik, trivsel og meistring er sentrale omgrep.

Vi skal styrke samanhengen mellom barnehage og skule for å skape ein god overgang for barn når dei starter på skulen. Samarbeid mellom barnehagar, skular og eigar er sentralt for å få dette til.

Når barnet skal starta på skulen har vi ofte retta merksemda mot barnets individuelle tilstand for å sikre at barnet skal vere "klar" for skulen. Nyare forskning har vist at førebuing til skulelivet må innehalde eit vidare perspektiv. Å vere klar for skulelivet må sjåast i samanheng med barnet sine omgivingar, familie, dei andre barna, barnehagen og dei vaksne i skulen.



Modellen viser at barnet er sentrum i overgangsarbeidet mellom barnehage og skule. Målet er at barnet skal oppleve situasjonen både forutsigbar og trygg. For å oppnå denne målsetjinga må vi sikre eit gjensidig og konstruktivt samarbeid mellom heim, barnehage og skule.

Det er fire viktige faktorar som må vere på plass for at overgangane skal verta vellukka:

- Barnehagen må førebu barnet
- Skulen må vere klar til å ta imot barnet
- Foreldre/føresette må vere aktive i arbeidet med å trygge barna.
- Barnet må oppleva deltaking og støtte frå alle partar.

Kva seier forskning om overgangar?

Forskning frå USA meiner å kunne påvisa at overgangar frå barnehage til skule er viktig fordi den kan leggja føringar for heile skulegangen, for sjølvbilete og seinare livskompetanse. (Pianta & Kraft – Sayre 2003 et.al. 2003)

Kvaliteten på samarbeidet mellom heim, barnehage og skule betyr mykje for korleis barnet finn seg til rette ved overgangen til skule. (H. Fabian 2000) Fabian meiner vidare at det er viktig at barn veit noko om dette i overgangar (H. Fabian 2002):

- Verta kjent med det fysiske miljøet
- Å få kjennskap til kven pedagog og personale er
- Å få kjennskap til kva ein gjer på skulen
- Å få veta noko om forventningar, system og reglar

Det er viktig at det blir utveksla informasjon om det ein skilde barnet, tilhøvet mellom barna og generelt om barnegruppa som kjem til skulen. Det kan vera lurt at barnet har med bilete, teikningar og historier til skulen. (Brostrøm 2002)

Gode overgangar gjer grobotn for mykje læring, men det ligg også ein risiko i at barn som erfarer vanskelege overgangar, får problem med å finna seg til rette på skulen. Det kan vere eit hinder for seinare læring. (Kagan and Neumann 1999, Rimm – Kaufmann & Pianta 2000, Wagner 2002)

Foreldre/føresette er ein svært viktig faktor i overgangar. Når dei føler seg trygge i høve til overgangane, blir dei betre i stand til å støtta barna sine. (Johansson 2002)

Føringar og lovverk

Ny rammeplan skal etter planen tre i kraft frå august 2017. Førebuande arbeid signaliserer tydelegare krav til:

- arbeid med språkutvikling i barnehagen
- sterkare og meir forpliktande samarbeid om overgang barnehage – skule
- godt omsorgs- og læringsmiljø

Kva seier rammeplanen for barnehage om overgangar?

«Barnehagen skal, i samarbeid med skulen, leggje til rette for overgangen frå barnehage til første klasse og eventuelt skulefritidsordning. Det skal skje i nært samarbeid med heimen. Planane for overgangen frå barnehage til skule skal vere nedfelte i årsplanen til barnehagen....».

«Barnehagen og skulen bør gi kvarandre gjensidig informasjon om dei respektive verksemdene»

«Dersom det er behov for omfattande tilrettelegging, må samarbeidet etablerast i god tid før barnet begynner på skulen. Barna i ein barnehage kan sokne til fleire skular. Den enkelte kommunen må finne gode løysingar på korleis barnehagen og skulen konkret skal samarbeide.»

Kva seier kunnskapsløftet om overgangar?

«For barn og unge er skulen ein del av ein lang læreprosess, som startar med barnehagen og endar med deltaking i yrkes- og samfunnslivet»

«I St.meld.nr.16 "...og ingen sto igjen", 1.4 Bedre muligheter for alle, står det: "Stortingsmeldinga legg til grunn at gjennomgåande god tilgang, kvalitet og samanheng i utdannings- og kompetansesystemet.....»

Seksåringen

I heile utviklingsløpet er det stor forskjell på barn, spesielt gjeld dette for seksåringen. Det er ein sårbar alder, det skjer mykje på det motoriske og mentale plan. Seksåringen den eine dagen vere «verdsmeister og meistra alt» til neste dag vere den som ikkje har tru på seg sjølv.

Siste år i barnehagen

Å «levere frå seg» eit nysgjerrig, interessert og aktivt barn til skulen skal være eit felles overordna mål.

For å sikre eit variert og allsidig pedagogisk tilbod er barnehagen sitt innhald delt inn i sju fagområder. Desse fagområda er i stor grad dei same som barna seinare møter som fag i skulen. Barnehagen har ansvar for å skape gode språkmiljø. Barn si språkutvikling heng nøye saman med kvaliteten av det språkmiljøet dei er ein del av. Barnehagane i kommunen nyttar TRAS (Tidleg Registrering Av Språk), som pedagogisk observasjonsverktøy av barn si språkutvikling.

I barnehagen tenker ein leikebasert læring som gjer variasjon og tilpassing. Barnehagane har eigne grupper for dei eldste barna. Ein organiserer innhald og arbeidet noko ulikt frå barnehage til barnehage, men fellesnemnaren for alle er at lek og innhald skal styrke barna si sjølvkjensle og sjølvstende. Det handlar mykje om å gjere barna i stand til å ta eigne val.

Samarbeid og venskap er viktige tema det siste året i barnehagen - *Korleis løyse nye utfordringar og korleis samarbeide med andre om ulike oppgåver.* Det er viktig å ta vare på barndomen og la barna møte nye utfordringar og oppgåver ut får eigen mestring og indre motivasjon. Barn utviklar språket gjennom lek og samspel med andre barn. Barn med anna

morsmål enn norsk, kan oppleve det som ei utfordring å skaffe seg venner i barnehagen. Dersom dei ikkje meistar andrespråket (norsk) godt nok, kan det vere vanskeleg å få innpass i leiken. Barnehagepersonalet må vere bevisste på dette.

Frå barnehagebarn til elev

Skuleklubb

Det viktigaste av alt er å få barnet til å kjenna seg trygg på skulen. Omsorg for den enkelte må stå i fokus. Difor må vi leggja til rette for aktivitetar og innhald som barna meistar og som gjer at dei har eit så godt bilete av skulen som mogleg. Det må også brukast god tid på at barna vert kjende med kvarandre. Innhaldet vil vere:

- Omvising på skulen, slik at dei kjenner det fysiske miljøet (læringsrom, garderobar, toalett, SFO-område, kantine, bibliotek, gymsal og uteområde).
- Leik. Gje tid og rom for leik.
- Fadderordning. Barna får møta sin fadder (eldre elevar).
- Små drypp frå skulefag: - Lese- og skriveførebuande aktivitetar- Rekning,- Kunst- og handverk,- Musikk,- Gym/fysisk aktivitet,- Engelsk
- Barnet bør møte kontaktlæraren sin.

Overgangsamtale

Alle i Hå kommune skal ha overgangssamtalar og nytta skjemaet «*Saman om oppvekst*» som verktøy i samtalen. Det er nyttig å ha kunnskap om utviklinga til barnet, heime og i barnehagen. Dette for å kunne leggja godt til rette for læring og utvikling når barnet startar på skulen.

Det vil vere naturleg å setja av noko meir tid i samtalar med tospråklege barn. Ein skal nytta tolk ved behov. Føresette må få tida dei treng til å beskrive barnet sitt. Vi må og sikre at dei får nødvendig informasjon om det norske skulesystemet. Tospråklege barn si språkutvikling skal registrerast i barnehagen ved hjelp av TRAS-sirkel utan aldersinndeling.

Frå skulestart i august

Relasjonsbygging mellom elevar, og elev – vaksne, må vere prioritert ved oppstart. Leik og trivsel skal vere sentralt i dette arbeidet. Å bruka tid på sosialt samspel og klargjere forventningar, vil være av betydning for klasse miljøet framover. Kunnskapsløftet er styrande for det som skal lærast på skulen. Vidare må dette tilpassast den enkelte elev, slik at alle opplev meistring og utvikling.

Det er viktig at skulen, som barnehagen, oppmodar føresette til å nytte morsmålet heime. Dersom barnet har eit godt utvikla morsmål, har dei lettare for å tileigna seg andrespråket (norsk). Det sterkaste språket (morsmålet) vil vere ei støtte for andrespråket (norsk).

Årshjul for overgang barnehage - skule

| Tidspunkt | Tiltak | Deltakarar | Ansvar |
|--------------------|---|---|-------------------------------|
| August (frå 2017) | Møte mellom administrasjonen og representantar for bygdene. | Barnehage- og skulesjef, samt repr. frå rektor/styrrar kollegiet i kvar bygd. | Adm opplæring og kultur. |
| September. | Barnehagane sender lister til skulane over barna som skal begynna på skule neste år, innan 15.sept. | | Styrrar. |
| Oktober – november | Barnehagar og skular i kvar krins har minimum eit felles møte før ein startar opp med skuleklubbane. Gjensidig utveksling av planar arbeidsformer og forventningar kring tilbod til 5åringen. | Styrrar og rektor | Rektor. Nærbø - Høyland skule |
| Januar | Storsamling med fagleg påfyll i overgangsarbeidet. | Ped leiarar og kontaktlærarar. | Adm Opplæring og kultur. |
| Januar - juni | Skulen skal gjennomføra minimum 4 skuleklubar våren før skulestart. Barnehagen har ansvar for at barna kjem til desse 4 skuleklubbane. | Barn og personale i barnehagen | Styrrar/rektor |
| Januar – juni | Møte for å drøfta barn som treng tilrettelegging. | Foreldre, skule, barnehage, Ppt? | Styrrar |
| Januar – juni | Foreldremøte | Foreldre/føresette, kontaktlærarar. | Rektor |
| April -mai | Overgangssamtalar mellom barnehage og skule. Nyttar «Saman om oppvekst» Rektor koordinerer tidspunkt med styrrar. | Foreldre/føresette, pedagogisk leiar og kontaktlærar | Rektor. |
| Juni | Besøksdag SFO | Foreldre og barn | Rektor. |
| Juni | Evalueringsmøte av årshjul og system for overgangane. | Styrrar/rektor??? | Styrrar |

Innhaldet i årshjulet er eit minimum i Hå kommune. Bygdene vurderer sjølve om dei ynskjer å utvida innhaldet.

Skjema: Overgangen barnehage - skule

Namn på eleven:

Saman om oppvekst

Overgangen Barnehage – skule

Barnehage og skule er ein del av eit samanhengande løp der heimen, barnehagen og skulen har eit felles ansvar for å leggje til rette for barnet si utvikling. I våre roller som føresette og barnehagepersonell ser me barna i ulike situasjonar, som i sum dekker det meste av kvardagen. Vår evne til å dele erfaringar om kva me ser, er med å bestemme kor godt me kan leggje forholda til rette for læring og utvikling framover.

Eg er og eg kan...

Me er opptekne av heile barnet. Med «eg er» tenker me til dømes på sjølvbilete, evna til å ta ansvar og ha pågangsmot. Med «eg er» tenker me blant anna på evna til å kommunisere, løyse problem/konfliktar og det å skape relasjonar.

Kven er.....

Sjølvbilete

Omsorg

Ta ansvar

Ha pågangsmot

Kva kan.....

Kommunisere

Løyse problem/konfliktar

Styre kjensler og impulsar

Vise empati

Skape relasjonar

Lærande

Læring og meistring er grunnleggjande for vekst. Pedagogen si rolle er å utvikle barnet sin identitet som lærande i lag med barnet sine føresette. Dette handlar blant anna om å ha tillit til egne evner, å vere motivert og nysgjerrig, å kunne sjå seg sjølv og tole motstand.

..... som lærande

Motivert/nysgjerrig

Sjå seg sjølv

Ha tillit til egne evner

Kunne streve og tole
motstand

Kunnskap

Ferdigheiter

Talent

Dokumentasjon

Kva verktøy er brukt til observasjon og kartlegging?
Skriv eventuelle kommentarar om kva som er observert og kartlagt.

Andre saker ein ønskjer å snakke om

